**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)**

---

# Innkalling til møte
# Utvalg for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 23.05.2016, kl. 13.15-15.00
Sted: rom 435, HF-bygget

Til: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Lise Kristiansen, Christine Hamm, Thorsteinn Indridason, Sigrun Eilertsen, Keld Hyldig, Anders Kristian Strand, Øivin Andersen, Pär Sandin, Rolf Beev, Ragnhild Lie Andersen, Siri Lexau, Ingerid Dale, Eleni Kontodima, Ane Gulnes.

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentanter i instituttrådet.

## Saksliste

UUI-sak 18/16: Godkjenning av innkalling og saksliste ..... 1
UUI-sak 19/16: Orienteringssaker ..... 1
O-sak 1: Referat fra UUI-møte 18.04.16 ..... 2
O-sak 2: Mitt UiB ..... 4
O-sak 3: Profileringsmateriell ..... 4
O-sak 4 : Øremerkede midler ..... 4
VEDTAKSSAKER: ..... 5
UUI-sak 20/16: Endring i emneplaner for nordisk ..... 5
**1 Studieplan for BAHF-NOLIS** ..... 5
UUI-sak 21/16: Endring i emneplaner for KUN201 ..... 23
UUI-sak 22/16: Endring i emneplaner for NORAN ..... 27
UUI-sak 23/16: Studieplanendring MAHF-LÆNO ..... 35
UUI-sak 24/16: Møtedatoer for høsten 2016 ..... 47
DISKUSJONSSAKER
UUI-sak 25/16: Oppdatering og status for HF2018 ..... 47
UUI-sak 26/16: Eventuelt ..... 47

## UUI-sak 18/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

## UUI-sak 19/16: Orienteringssaker

| O-sak 1: Referat fra UUI-møte 18.04.16 |
|---|
| Vedlegg: Referat fra møte i Utvalg for undervisning og internasjonalisering 18.04.16 |

Referat fra møte i utvalg for undervisning og internasjonalisering (UUI) 18.4.2016, kl. 13.15-15.00

Tilstede: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Aleksander Morland, Christine Hamm, Thorsteinn Indridason, Keld Hyldig, Anders Kristian Strand, Øivin Andersen, Pär Sandin, Ragnhild Lie Anderson, Ingerid Dale, Eleni Kontodima.
Forfall: Siri Lexau, Rolf Beev, Sigrun Eilertsen, Ane Gulnes

**UUI-sak 11/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**
Innkalling og saksliste ble godkjent.

## UUI-sak 12/16: Orienteringssaker

**O-sak 1: Referat fra UUI-møte 08.02.16**
Referat fra møtet 8. februar 2016 ble godkjent.

**O-sak 2: Studiebarometeret**
Studiebarometeret (http://www.studiebarometeret.no/no/) var ukjent for mange. Det er en fordel å vite om undersøkelsen siden resultatene brukes av NOKUT til vurdering av studieinnsats og tilfredshet. Data publiseres ikke hvis det er få svar, og det er derfor ikke alle våre program som har tilgjengelige resultater.

**O-sak 3: NORPART**
Frist for å søke om midler til prosjektetablering er allerede 22. april, der det kan søkes om penger til for eksempel reiser for å knytte kontakter i samarbeidslandene. Det er i tillegg en søknadsfrist for langsiktige prosjekter 5. september.
Ordningen er nok mest interessant for de studieprogrammene som ble lyst ut gjennom kvoteordningen: nordisk, norrøn filologi, digital kultur og lingvistikk. Det var svært gode studenter kom inn gjennom kvoteprogrammet, og aktuelle fagmiljø bør derfor jobbe for å ta del i ordningen.

**O-sak 4: Programsensoravtaler**
Alle studieprogram skal ha avtale med en programsensor, men det er ikke alle avtale som følges opp med innlevering av rapporter. Programsensorarbeidet er del av det pålagte kvalitetssikringsarbeidet, og det må følges opp, også mens prosessen med HF2018 pågår.

Ansvaret for å følge opp programsensor ligger hos programstyret, og det er viktig å ha kontakt med programsensor og følge opp prosessen med evaluering av programmet.

Programsensors årlige rapport skal behandles i programstyret som må ta stilling til det som legges frem i rapporten. Rapport med programstyrets kommentarer skal etterpå vedtas i studiestyret ved fakultetet, og så registreres i Kvalitetsbasen.

Det er normalt fagkoordinator som har den løpende kontakten med programsensor, men ved særlig behov kan studieleder kontakte programsensor for å minne om levering av rapport.

**O-sak 5: Tilbud om emneevaluering med Survey Xact**
Alle faglærere og emneansvarlige vil få tilsendt en mal for emneevaluering med Survey Xact fra studiekonsulentene. Det er mulig å legge til egne spørsmål i malen hvis ønskelig.

**O-sak 6: Studieplasser 2017/2018**
Det ble presisert at opptaksrammen som er foreslått ikke representerer en absolutt grense, men at det innenfor instituttets og fakultetets opptaksramme er rom for å fordele studieplasser til studier med høye søkertall. Antallet studenter som tas opp tar normalt også høyde for at enkelte vil falle fra i løpet av første semester.

Det ble kommentert at studenter opplever at det på emnenivå ikke er plass til alle i undervisningsrommet, for eksempel ved labundervisning. Dette bør det tas hensyn til i opptaket.

## VEDTAKSSAKER:

**UUI-sak 13/16: Endring i emneplaner for BAHF-KLA**
Endringene av emneplanene i LAT254 og GRE254 vedtas.

## DISKUSJONSSAKER:

**UUI-sak 14/16: Øremerkede midler**
Nordisk, teatervitenskap og digital kultur har levert søknad. Litteraturvitenskap leverer søknad i løpet av kort tid. Det settes en ny frist for å søke om midler 27. april, og melding sendes ut til alle fagmiljø.

For midlene som ble tildelt i 2015 ble det blant annet laget profileringsmateriell med instituttnavnet på (bærenett, kulepenner, kopper og refleksbånd). Kostnader var ca 30.000,-. Det er fortsatt en del igjen av dette som kan deles ut til gjester eller til besøk ved andre læresteder. Ta kontakt med studieleder/studiekonsulent for å bruke materiellet.

Forslag om å bruke midlene til et arrangement som kan støtte fagmiljøene i arbeidet med oversetting av emneplaner til engelsk, der det er aktuelt. Det kan for eksempel arrangeres et seminar med faglig støtte både med hensyn til språk og terminologi.

Det ble presisert at det ikke kan søkes midler til ordinær undervisning.

**UUI-sak 15/16: Oppdatering og status for HF2018**
Det vil om kort tid foreligge en rapport fra arbeidsgruppen, og det skal etter det opprettes egne arbeidsgrupper som involverer fagmiljøene. Her er det viktig å delta aktivt i arbeidet og være med å forme porteføljen.

**UUI-sak 16/16: Undervisnings- og eksamensplanlegging høsten 2016**
Grunnet sykdom utsettes saken til neste mulige anledning.

Det kom ønske om en tidligere avklaring angående midler til kollokvier. Kollokvier er populært blant studentene, og det hadde vært mer forutsigbart og enklere for emneansvarlig hvis det hadde vært sikkert at det var midler til dette.

**UUI-sak 17/16: Eventuelt**

- Forslag om å flytte dato for neste møte i UUI. Neste møte i UUI blir 23. mai.
- Det kom spørsmål om arkivene av gamle eksamensoppgaver og lignende som ligger på Mi side kan overflyttes til Mitt UIB. Studieleder sjekker og sender ut melding.
- Jill W. R. demonstrerer Mitt UIB på neste møte i UUI.
- Fungerende studieleder i perioden 1. mai til 1. oktober blir Lise Kristiansen.

13.04.2016

Hilde G. Corneliussen
undervisningsleder

Aleksander Morland
studieleder

| **O-sak 2: Mitt UiB** |
|---|
| Jill W. Rettberg demonstrerer Mitt UiB |

| **O-sak 3: Profileringsmateriell** |
|---|
| Vi minner om at det finnes profileringsmateriell for instituttet som alle kan bruke |

## O-sak 4 : Øremerkede midler

Tildeling av øremerkede midler er vedlagt innkallingen.

Vi minner om at de som har fått tildelt midler også har ansvar for å bruke midlene som avtalt, eller å melde tilbake dersom midlene ikke brukes fullt ut, jf melding om tildeling.

Bruk/planlagt bruk av midler skal rapporteres 1. september, og instituttet skal rapportere til fakultetet om bruken av midlene innen 15.desember.

Etter forslag på forrige UUI har vi satt av 20 000 kroner i omstillingsmidler for oversetting og kvalitetssikring av studieprogram- og emneplaner på engelsk. Midlene skal brukes til en arbeidsstue for faglig ansatte for å oversette/oppdatere emnebeskrivelser på engelsk i løpet av høsten.

Engelske emnebeskrivelser trengs bare for emner som undervises på engelsk eller emner på norsk som likevel profileres til innreisende utvekslingsstudenter. Til sammen gjelder det emner på digital kultur og lingvistikk og enkelte emner innenfor andre programmer.

1-2 faglig ansatte fra aktuelle fagmiljø vil bli invitert til arbeidsstuen for å jobbe med tekstene. En ekspert på emneplaner fra administrasjonen, samt en ekspert på engelsk oversettelse (kanskje ekstern?) vil også bli invitert til arbeidsstuen, slik at de kan tilby hjelp underveis i arbeidet.
Planen er å ha arbeidsstuen på et passende sted utenfor UiB med lunsj inkludert.

## VEDTAKSSAKER:

| UUI-sak 20/16: Endring i emneplaner for nordisk |
|---|
| |

**Oversendelse av studieplanendring for BAHF-NOLIS**

**Sammendrag av saken:**

| |
|---|
| RET205 og RET255 fjernes fra studieplanen ettersom emnene ikke har målformskrav, og at NOSP212 er det samme emnet med målformskrav som BAHF-NOLIS-studenter kan ta.<br><br>NOLI102, NOLI103 og NOLI103-L får redusert undervisningsomfang på grunn av mindre ressurser til undervisning. |
| Endringer vedtatt i programstyret (vedtaksreferat vedlagt): 09.05.2016 |
| Endringer vedtatt i UUI (vedtaksreferat vedlagt): |
| Studieplanendringene innføres fra: Våren 2017 |

# Eksisterende studieprogram som endres:

| Studieprogramkode | Red. (redaksjonelle endr.) eller Real. (realitetsendr.)? | Semester for iverksetting av endringen(e) | Merknad |
|---|---|---|---|
| BAHF-NOLIS | Real. | V17 | |

## Referat frå programstyremøte for nordisk

Tid: måndag 09.05.2016 **kl. 14.00**

| ▪ Sak 21/16 | ▪ Studieplanendringar |
|---|---|

- RET205/RET255 fjernes frå BAHF-NOLIS som moglege emne på 200-nivå.

Programstyret vedtar endringane i studieplanen til BAHF-NOLIS

- NOLI103-L – endring i Undervisning og omfang. Og NOLI102 og NOLI103.

Programstyret vedtar endringane i emneplanane.

# 1 Studieplan for BAHF-NOLIS

| **Kategori** | **Tekst** |
|---|---|
| **Namn på studieprogrammet, nynorsk** | Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur |
| **Navn på studieprogrammet, bokmål** | Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur |
| **Name of the programme of study, English** | Bachelor's Programme in Scandinavian Languages and Literature |
| **Namn på grad**<br><br>Name of qualification | Bachelor i nordisk språk og litteratur<br><br>Bachelor in Scandinavian Languages and Literature |
| **Omfang og studiepoeng**<br><br>ECTS credits | Studieprogrammet har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år. |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/part-time | Programmet er organisert som eit fulltidsstudium, men kan etter søknad også takast som eit 50 % deltidsstudium. |
| **Undervisningsspråk**<br><br>Language of instruction | Norsk, dansk og svensk. Dersom nordiskstudiet vert kombinert med framandspråksstudium, vil (delar av) undervisninga vere på det aktuelle språket (dei aktuelle språka). |
| **Studiestart - semester**<br><br>Semester | Haust |
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and content | Målet for studiet er å gje studentane kunnskapar i nordisk språk og litteratur i eldre og nyare tid, forståing av språket og litteraturen som ein sentral del av den nasjonale kulturen og av samspelet mellom språk, litteratur og samfunn. Hovudvekta ligg på norsk. Utanom norsk (bokmål og nynorsk) femner dei nordiske språka om dansk, svensk, islandsk og færøysk. |

| | |
|---|---|
| | Reint praktisk skal studiet gje grunnlag for betre skrivedugleik i både bokmål og nynorsk og kompetanse for undervisning i ulike skuleslag (i kombinasjon med praktisk-pedagogisk utdanning) og for arbeid med språklege og litterære emne i andre yrkestilhøve. |
| **Læringsutbyte**<br><br>Required learning outcomes | Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:<br><br>Kunnskapar<br><br>Kandidaten<br><br>– har brei og grundig kunnskap om det norske språksystemet, norsk språkbruk, norske språkrelaterte samfunnstilhøve, norsk språkhistorie og norske dialektar<br>– har noko kjennskap til tilsvarande forhold som gjeld norrønt språk og dei andre levande nordiske språka (dansk, svensk, islandsk og færøysk)<br>– har godt oversyn over nordisk, særleg norsk, skjønnlitteratur frå norrøn tid til samtida<br>– har god innsikt i sentrale nordiske forfattarskapar<br>– har brei og grundig kunnskap om dei episke, lyriske og dramatiske hovudsjangrane og viktige undersjangrar av dei<br>– kan skilje sakprosa frå andre litterære sjangrar, og gjere greie for viktige undergrupper av sakprosa<br>– har kjennskap til ulike prinsipp for litteraturhistorieskriving<br><br>Dugleikar<br><br>Kandidaten<br><br>– kan skrive bokmål og nynorsk korrekt og godt<br>– kan skrive velformulerte og samanhengande skildrande, resonnerande og argumenterande tekstar om nordisk språk og litteratur<br>– kan analysere og drøfte språklege og litterære problemstillingar på ein fagleg måte<br>– kan hente inn fagleg informasjon og vurdere han kritisk<br>– kan gje opplæring og rettleiing til elevar, studentar og andre i norsk språksystem, språkbruk og tekstleg utforming<br><br>Generell kompetanse |

| | |
|---|---|
| | Kandidaten<br><br>– kan kommunisere med fagfolk og allmenta om faglege problemstillingar frå nordistikken<br>– kan arbeide aktivt for å styrkje sine eigne kunnskapar og dugleikar i faget<br>– kan nytte sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar<br>– kan planleggje og gjennomføre eit forskingsarbeid av avgrensa omfang |
| **Opptakskrav**<br><br>Admission requirements | Generell studiekompetanse eller realkompetanse. |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br><br>Recommended previous knowledge | For å kunne gjennomføre studiet med godt resultat, bør studentane forstå skriftleg og munnleg norsk på morsmålsnivå eller tilnærma dette. Dei bør meistre skriftleg bokmål og nynorsk. |
| **Innføringsemne**<br><br>Introductory courses | EXPHIL Examen philosophicum (10 stp)<br>EXFAC00SK Språk og kommunikasjon (10 stp) |
| **Obligatoriske emne**<br><br>Compulsory units | NOLISP100 Nordisk: Innføring i nordiskstudiet (10 stp)<br><br>I tillegg er det obligatorisk med ei spesialisering på 90 studiepoeng i nordisk språk og litteratur. |
| **Spesialisering**<br><br>Specialisation | Følgjande emne er obligatoriske i spesialiseringa:<br><br>NOLI102 Nordisk: Litteratur etter 1900 (15 stp)<br>NOLI103 Nordisk: Den eldre litteraturen (15 stp)<br>NOSP102 Nordisk: Moderne språk (15 stp)<br>NOSP103 Nordisk: Språkhistorie og talemål (15 stp)<br><br>Kvart av desse emna kan bytast ut med tilsvarande emne frå fjernstudiet Fjernord (med kodetillegget -F).<br><br>Ein må velje eitt eller to av desse emna (med bacheloroppgåve): |

| | |
|---|---|
| | NOLI250 Nordisk: Litterær analyse og teori med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOLI251 Nordisk: Litterært fordjupingsemne A med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOLI252 Nordisk: Litterært fordjupingsemne B med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOSP250 Nordisk: Språkbruksanalyse med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOSP251 Nordisk: Språkleg variasjon og endring med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOSP252 Nordisk: Namnegransking med bacheloroppgåve 1 (15 stp)<br>NOSP254 Nordisk: Språk i Norden med bacheloroppgåve (15 stp)<br>NOSP255 Nordisk: Grammatikk og semantikk med bacheloroppgåve (15 stp)<br>ISL104 Islandsk språk og samfunn (15 stp)<br>ISL102 Islandsk litteratur og samfunn (15 stp)<br><br>Dersom ein vel berre eitt av emna ovanfor, vel ein normalt eitt av desse emna:<br><br>NOLI211 Nordisk: Litterært fordjupingsemne C (15 stp)<br>NOLI212 Nordisk: Litterært fordjupingsemne D (15 stp)<br>NOSP210 Nordisk: Språkbruksanalyse (15 stp)<br>NOSP212 Nordisk: Språkleg fordjupingsemne<br>NOSP214 Nordisk: Språk i Norden (15 stp)<br>NOSP221 Nordisk: Språkleg variasjon og endring (15 stp)<br>NOSP222 Nordisk: Namnegransking (15 stp)<br>NOSP225 Nordisk: Grammatikk og semantikk (15 stp)<br>~~RET205 Nordisk retorikk (15 stp)~~<br>~~RET255 Nordisk retorikk med bacheloroppgåve (15 stp)~~<br>NOFI101 Norrønt språk (15 stp)<br>NOFI210 Norrøn filologi særemne (15 stp)<br>NORAN104 Andrespråkslæring og -undervisning (15 stp)<br>PRAKTINF Praktisk informasjonsarbeid (15 stp)<br>ISL103 Islandsk grammatikk og fonetikk (15 stp)<br><br>Alternativt kan ein velje å ta desse to emna saman:<br>NOFI106 Norrøn mytologi (5 stp)<br>NOFI112 Norrøn litteratur (10 stp)<br><br>Kombinasjonar av to emne med overlappande innhald gir berre utteljing som for eitt emne:<br>NOSP210 og NOSP250 har full overlapping.<br>NOSP214 og NOSP254 har full overlapping.<br>NOSP221 og NOSP251 har full overlapping. |

| | |
|---|---|
| | NOSP222 og NOSP252 har full overlapping.<br>NOSP225 og NOSP255 har full overlapping. |
| **Tilrådde valemne**<br><br>Recommended electives | Studenten kan velje emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar. Det er tilrådd at valemna utgjer ein naturleg heilskap.<br><br>Dersom ein planlegg ei karriere som lærar, må ein bruke dei valfrie studiepoenga til å ta 60 studiepoeng i eit skulefag i tillegg til nordisk. I kombinasjon med praktisk-pedagogisk utdanning vil utdanninga då kunne gi undervisningskompetanse på ungdomstrinnet i grunnskulen, i vidaregåande skule og i vaksenopplæring. |
| **Rekkefølgje for emne i studiet**<br><br>Sequential requirements, courses | Rekkjefølgja er tilrådd, ikkje obligatorisk.<br><br>1. semester: EXPHIL, EXFAC00SK, NOLISP100<br><br>2. semester: NOLI102 og NOSP102<br><br>3. semester: NOLI103 og NOSP103<br><br>4. semester: emne som kompletterer spesialiseringa (jf. ovanfor)<br><br>5. og 6. semester: valemne |
| **Delstudium i utlandet**<br><br>Study period abroad | Det er mogleg å ta delar av studiet i utlandet, og universitetet har utvekslingsavtalar med mange institusjonar over det meste av verda. Det er viktig at ein finn ein institusjon med eit fagtilbod som passar for den einskilde studenten, og valet av utanlandsopphald blir gjort i samråd med studierettleiaren.<br><br>Spesielt tilrådde utvekslingsstader er Uppsala universitet, Københavns universitet, Aarhus universitet, Helsingfors universitet, Ludwig-Maximilians-Universität München og Universiteit van Amsterdam. |
| **Undervisningsmetodar**<br><br>Teaching methods | Bachelorprogrammet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesing, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |

| | |
|---|---|
| **Vurderingsformer**<br><br><br>Assessment methods | Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, eksempelvis ved mappevurdering, skuleeksamen, rettleidd oppgåve og munnleg prøve.<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| **Litteraturliste**<br><br><br>Reading list | Litteraturliste finn ein på uib.no sine sider for kvart einskilt emne.<br><br><br>Lista for semesteret etter er klar innan 1.6 /1.12. |
| **Karakterskala**<br><br><br>Grading scale | Ved sensur kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:<br>1) Karakterskala A-F<br>2) Bestått/ikkje bestått<br>For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| **Vitnemål og vitnemålstillegg**<br><br><br>Diploma and Diploma Supplement | Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført. |
| **Grunnlag for vidare studium**<br><br><br>Access to further studies | Bachelorprogrammet i nordisk språk og litteratur kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i nordisk språk og litteratur. |
| **Relevans for arbeidsliv**<br><br><br>Employability | Kompetanse i språk og litteratur er etterspurd i mange ulike yrke og bransjar, både private og offentlege.<br><br>Generelt gir studiet ein praktisk og teoretisk tekst- og språkkompetanse som, kombinert med annan relevant kompetanse, kan kvalifisere for arbeid overalt der det krevst evne til språkleg formidling og til vurdering og utvikling av tekst, t.d. i undervisnings- og informasjonsarbeid, i forlag og kulturinstitusjonar, i offentlege etatar, private føretak og organisasjonar.<br><br>Bachelor i nordisk språk og litteratur med minst 60 studiepoeng i eit skulefag i tillegg til nordisk språk og litteratur kan kombinerast med praktisk-pedagogisk utdanning og gi undervisningskompetanse på ungdomstrinnet i grunnskulen, i vidaregåande skule og i vaksenopplæring. |

| | |
|---|---|
| **Evaluering**<br><br><br>Evaluation | Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no. |
| **Skikkaheit og autorisasjon**<br><br><br>Suitability and authorisation | - |
| **Programansvarleg**<br><br><br>Programme committe | Programstyret i nordisk har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet. |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br><br>Administrative responsibility | Det humanistiske fakultet ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium har det administrative ansvaret for studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br><br><br>Contact information | Dersom ein har spørsmål, kan ein kontakte studierettleiar på programmet: studierettleiar@lle.uib.no. |

# NOLI102

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | NOLI012 |
| Emnenamn, nynorsk | Nordisk: Litteratur etter 1900 |
| Emnenamn, engelsk | Nordic Literature: Literature after 1900 |
| Studiepoeng | 15 |

| | |
|---|---|
| Undervisningssemester | Både vår- og haustsemesteret. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan og verte brukte i nokon grad. |
| Studienivå | Bachelor. |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet skal gje studentane eit felles utgangspunkt som dannar grunnstammen i det litterære nordiskstudiet, og som er naudsynt for norsklærarar, språk- og litteraturkonsulentar og andre som utøver yrke der språklege og litterære kvalifikasjonar er eit krav.<br><br>Emnet skal gje studentane god kjennskap til sentrale norske og nordiske tekstar og forfattarskapar på 1900-talet.<br><br>Emnet skal gje ei solid litteraturhistorisk innføring som knyter skjønnlitteraturen til sosiale, kulturelle, idéhistoriske og biografiske tilhøve som er relevante for meiningsproduksjonen i den einskilde teksten. Studiet av litteraturhistoria skal skape refleksjon omkring periodisering, kontinuitet og brot i kulturutviklinga og setje samtidskulturen inn i ei større ramme.<br><br>Emnet skal gje ei systematisk innføring i dei skjønnlitterære hovudsjangrane lyrikk, epikk og dramatikk slik at studentane kan forstå teksten som estetisk uttrykk og utvikle eit teoretisk omgrepsapparat dei kan nytte i systematisk handsaming av tekstane.<br><br>Emnet skal ta opp sakprosa, særleg former for sakprosa som er nærskylde til skjønnlitteraturen, som til dømes essay, talar og brev, og reflektere omkring skiljet skjønnlitteratur-sakprosa. |

| | |
|---|---|
| Læringsutbyte/resultat | Etter å ha studert emnet skal studentane kunne<br><br>- gjere greie for innhald, form og tematikk i den einskilde litterære pensumteksten<br><br>- drøfte den litteraturhistoriske plasseringa av pensumtekstane<br><br>- gjere greie for sentrale nordiske, særleg norske, forfattarskapar etter 1900<br><br>- drøfte litteraturhistorisk plassering av nordiske 1900-talstekstar som ikkje er på pensum, og analysere slike tekstar ved hjelp av sjangerteoretiske omgrep<br><br>- drøfte og problematisere ulike tilhøve ved litteraturhistorisk periodisering i tida etter 1900, særleg omgrepet modernisme<br><br>- drøfte og problematisere dei litterære hovudsjangrane og skiljet skjønnlitteratur-sakprosa med tekstar som døme<br><br>- samanlikne ulike tekstar med omsyn til litteraturhistoriske og sjangermessige trekk |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Tilrådde forkunnskapar | - |
| Undervisning og omfang | ~~Førelesingar: om lag 52 timar (tilsvarande 2 dobbeltimar i veka)~~<br>~~Kollokvium: om lag 26 timar (tilsvarande 1 dobbeltime i veka)~~<br><br>~~Gjennomføringa av kollokviet er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.~~<br><br>Undervisninga varierer mellom førelesingar og arbeidsgrupper. (Tilsvarande 2 dobbeltimar i veka).<br><br>Gjennomføringa av tilrettelagt kollokvium (som da kjem i tillegg til annen undervisning) er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verte aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen |

| | |
|---|---|
| | 1. februar/1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Det er obligatorisk å levere eit skriftleg arbeid i løpet av semesteret.<br><br>Den obligatoriske oppgåva skal skrivast på nynorsk.<br><br>Godkjenning av obligatoriske arbeidskrav er gyldig berre i semesteret for godkjenninga. |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Eksamen er ei munnleg prøve.<br><br>Godkjend obligatorisk arbeid er ein føresetnad for å gå opp til munnleg eksamen. |
| Karakterskala | Karakterskala A–F. |
| Læremiddelomtale | Pensumet tilsvarer om lag 1000 sider av normal vanskegrad. Episke og dramatiske tekstar har låg vekting. Instituttet fastset pensumet. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br><br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

# NOLI103

| | |
|---|---|
| Kategoriar | |
| Emnekode | NOLI103 |

| | |
|---|---|
| Emnenamn, nynorsk | Nordisk: Den eldre litteraturen |
| Emnenamn, engelsk | Nordic Literature: Literature up to 1900 |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Både vår- og haustsemesteret. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan og verte brukte i nokon grad. |
| Studienivå | Bachelor. |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet er basert på eit breitt utval nordiske, særleg norske, litterære tekstar frå og med norrøn tid og fram til 1900. I tillegg inneheld emnet eit litteraturhistorisk og eit teoretisk pensum. Det skjønnlitterære pensumet utgjer om lag 2/3 av emnet og er fordelt mellom dei tre skjønnlitterære hovudsjangrane lyrikk, epikk og dramatikk. I tillegg les studentane eit utval sakprosa.<br><br>Emnet skal gje studentane innsikt i eldre litteratur og kulturutvikling. Det byggjer vidare på kunnskapane frå NOLI102 og er retta mot framtidige norsklærarar, språk- og litteraturkonsulentar og andre som utøver yrke der språklege og litterære kvalifikasjonar er eit krav.<br><br>Emnet skal gje studentane god kjennskap til sentrale nordiske, særleg norske, tekstar og forfattarskapar frå norrøn tid og fram til 1900.<br><br>Emnet skal gje ei solid litteraturhistorisk innføring som knyter skjønnlitteraturen til sosiale, kulturelle, idéhistoriske og biografiske tilhøve som er relevante for |

| | |
|---|---|
| | meiningsproduksjonen i den einskilde teksten. Men emnet skal også bidra til refleksjon omkring litteraturhistoriografien, slik at ein ser litteraturhistoria si framstilling av periodar, kontinuitet og brot som uttrykk for pedagogiske grep og ideologiske strategiar.<br><br>Emnet skal vidareføre det sjangerteoretiske utgangspunktet studentane fekk på NOLI102.<br><br>Emnet skal ta opp sakprosa, særleg former for sakprosa som er nærskylde til skjønnlitteraturen, som til dømes essay, talar og brev, og reflektere omkring skiljet skjønnlitteratur-sakprosa.<br><br>Emnet skal gje studentane høve til å arbeide sjølvstendig og over tid med ei skjønnlitterær eller litteraturhistoriografisk problemstilling og til å drøfte dette arbeidet med dei andre studentane. |
| Læringsutbyte/resultat | Etter å ha studert emnet skal studentane kunne<br>- gjere greie for innhald, form og tematikk i den einskilde litterære pensumteksten<br>- drøfte den litteraturhistoriske plasseringa av pensumtekstane<br>- gjere greie for sentrale nordiske, særleg norske, forfattarskapar frå og med norrøn tid og fram til 1900<br>- drøfte litteraturhistorisk plassering av eldre nordiske tekstar som ikkje er på pensum, og analysere slike tekstar ved hjelp av sjangerteoretiske omgrep<br>- drøfte og problematisere ulike tilhøve ved litteraturhistorisk periodisering<br>- drøfte og problematisere dei litterære hovudsjangrane og skiljet skjønnlitteratur-sakprosa med tekstar som døme<br>- samanlikne ulike tekstar med omsyn til litteraturhistoriske og sjangermessige trekk<br>- gje ei sjølvstendig utgreiing om meir spesifikke problemstillingar knytte til eit sjølvvalt litterært tema |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |

| | |
|---|---|
| Tilrådde forkunnskapar | NOLI102. Instituttet tilrår sterkt at studentane avlegg eksamen i NOLI102 før dette emnet. |
| Undervisning og omfang | ~~Førelesingar: om lag 52 timar (tilsvarande 2 dobbeltimar i veka)~~<br>~~Kollokvium: om lag 26 timar (tilsvarande 1 dobbeltime i veka)~~<br><br>~~Gjennomføringa av kollokviet er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.~~<br><br>Undervisninga varierer mellom førelesingar og arbeidsgrupper. (Tilsvarande 2 dobbeltimar i veka).<br><br>Gjennomføringa av tilrettelagt kollokvium (som da kjem i tillegg til annen undervisning) er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verte aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Det er obligatorisk å levere eitt skriftleg arbeid i løpet av semesteret.<br><br>Den obligatoriske oppgåva skal skrivast på bokmål.<br><br>Godkjenning av obligatoriske arbeidskrav er gyldig berre i semesteret for godkjenninga. |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Eksamen er ei skriftleg prøve på seks timar. På den skriftlege prøva vel studenten målform sjølv.<br><br>Ved fastsetjinga av karakter vert det lagt stor vekt på om studenten skriv korrekt og godt.<br><br>Godkjend obligatorisk oppgåve er ein føresetnad for å gå opp til skriftleg eksamen. |

| | |
|---|---|
| Karakterskala | Karakterskala A–F. |
| Læremiddelomtale | Pensumet tilsvarer om lag 1000 sider av normal vanskegrad. Episke og dramatiske tekstar har låg vekting. Instituttet fastsett pensumet. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br><br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

# NOLI103-L

| | |
|---|---|
| Kategoriar | |
| Emnekode | NOLI103-L |
| Emnenamn, nynorsk | Nordisk: Den eldre litteraturen for integrert lærarutdanning |
| Emnenamn, engelsk | Nordic Literature: Literature up to 1900 for integrated teacher programme |
| Studiepoeng | 10 |
| Undervisningssemester | Haustsemesteret. Femte semester for studentar som tek nordisk som fag II. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan og verte brukte i nokon grad. |

| | |
|---|---|
| Studienivå | Bachelor. |
| Krav til studierett | Opptak til Integrert lektorutdanning med master i nordisk eller framandspråk. |
| Mål og innhald | Emnet er basert på eit breitt utval nordiske, særleg norske, litterære tekstar frå og med norrøn tid og fram til 1900. I tillegg inneheld emnet eit litteraturhistorisk og eit teoretisk pensum. Det skjønnlitterære pensumet utgjer om lag 2/3 av emnet og er fordelt mellom dei tre skjønnlitterære hovudsjangrane lyrikk, epikk og dramatikk. I tillegg les studentane eit utval sakprosa.<br><br>Emnet skal gje studentane innsikt i eldre litteratur og kulturutvikling. Det byggjer vidare på kunnskapane frå NOLI102 og er retta mot framtidige norsklærarar, språk- og litteraturkonsulentar og andre som utøver yrke der språklege og litterære kvalifikasjonar er eit krav.<br><br>Emnet skal gje studentane god kjennskap til sentrale nordiske, særleg norske, tekstar og forfattarskapar frå norrøn tid og fram til 1900.<br><br>Emnet skal gje ei solid litteraturhistorisk innføring som knyter skjønnlitteraturen til sosiale, kulturelle, idéhistoriske og biografiske tilhøve som er relevante for meiningsproduksjonen i den einskilde teksten. Men emnet skal også bidra til refleksjon omkring litteraturhistoriografien, slik at ein ser litteraturhistoria si framstilling av periodar, kontinuitet og brot som uttrykk for pedagogiske grep og ideologiske strategiar.<br><br>Emnet skal vidareføre det sjangerteoretiske utgangspunktet studentane fekk på NOLI102. |

| | |
|---|---|
| | Emnet skal ta opp sakprosa, særleg former for sakprosa som er nærskylde til skjønnlitteraturen, som til dømes essay, talar og brev, og reflektere omkring skiljet skjønnlitteratur-sakprosa. |
| Læringsutbyte/resultat | Etter å ha studert emnet skal studentane kunne<br>- gjere greie for innhald, form og tematikk i den einskilde litterære pensumteksten<br>- drøfte den litteraturhistoriske plasseringa av pensumtekstane<br>- gjere greie for sentrale nordiske, særleg norske, forfattarskapar frå og med norrøn tid og fram til 1900<br>- drøfte litteraturhistorisk plassering av eldre nordiske tekstar som ikkje er på pensum, og analysere slike tekstar ved hjelp av sjangerteoretiske omgrep<br>- drøfte og problematisere ulike tilhøve ved litteraturhistorisk periodisering<br>- drøfte og problematisere dei litterære hovudsjangrane og skiljet skjønnlitteratur-sakprosa med tekstar som døme<br>- samanlikne ulike tekstar med omsyn til litteraturhistoriske og sjangermessige trekk |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Tilrådde forkunnskapar | NOLI102 |
| Undervisning og omfang | ~~Førelesingar: om lag 52 timar (tilsvarande 2 dobbeltimar i veka)~~<br>~~Seminar: om lag 26 timar (tilsvarande 1 dobbeltime i veka).~~ |

| | |
|---|---|
| | ~~Gjennomføringa av seminaret er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.~~<br><br>Undervisninga varierer mellom førelesingar og arbeidsgrupper. (Tilsvarande 2 dobbeltimar i veka).<br><br>Gjennomføringa av tilrettelagt kollokvium (som da kjem i tillegg til annen undervisning) er avhengig av ressurssituasjonen på instituttet.<br><br>Undervisninga er samanfallande med undervisninga i NOLI103.<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verte aktuelt vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Eksamen er ei skriftleg prøve på seks timar. Den skriftlege prøva skal skrivast på bokmål.<br><br>Ved fastsetjinga av karakter vert det lagt stor vekt på om studenten skriv korrekt og godt.<br><br>I vårsemesteret vert det arrangert ordinær eksamen i slutten av semesteret. |
| Karakterskala | Det vert nytta bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensumet tilsvarer om lag 1000 sider av normal vanskegrad. Episke og dramatiske tekstar har låg vekting. |

| | |
|---|---|
| | Instituttet fastsett pensumet. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br><br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

## UUI-sak 21/16: Endring i emneplaner for KUN201

## MELDESKJEMA:

**1) VED ENDRINGER PÅ EKSISTERENDE EMNE:**

| **EMNEKODE: KUN201** | | |
|---|---|---|
| **Hvor i emneplanen gjøres det endringer:** | sett kryss | evt. merknad |
| Emnekode (oppretting/nedlegging/endring) | | |
| Emnetittel | | |
| Obligatoriske arbeidskrav | X | Presisering av oblig. arbeidskrav |
| Vurderingsformer | | |
| Krav om forkunnskaper på emne | | |
| Begrensing av studieplasser på emne | | |
| Endring i undervisningssemester | | |
| Kun redaksjonelle endringer | | |
| Hvis det er behov for overgangsordninger mht undervisning, meld fra her: | | |
| Ved oppretting av nye emner, er det overlapp med eksisterende eller nedlagte emner? Hvis ja, hvilke: | | |

## Programstyremøte for kunsthistorie 19.04.2016

Vedtakssak nr. XX/16: Presisering av obligatoriske arbeidskrav til

emneplanen for KUN201

Fra:
Obligatoriske arbeidskrav
Studentane må møte på minst 75 % av undervisninga.

Til:

Obligatoriske arbeidskrav
Studentane må møte på minst 75 % av undervisninga. Dersom det er ressurser til det, vil det bli arrangert et seminar. Seminaret inngår i så fall i kravet om obligatorisk oppmøte.

Forslag til vedtak:
Programstyret vedtar presisering av obligatoriske arbeidskrav for KUN201.

**KUN201**
**Emnenamn, nynorsk: Kunstteori, estetikk og historiografi**

**Emnenamn, bokmål: Kunstteori, estetikk og historiografi**
**Emnenamn, engelsk: Art Theory, Aesthetics and Historiography**

**Studiepoeng:** 15

**Undervisningssemester**
Haust og vår

**Undervisningsspråk**
Norsk

**Studienivå**
Bachelor

**Krav til studierett**
Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.

**Mål og innhald**
Emnet skal gi ei djupare innsikt i kunsthistoria som fagdisiplin ved å presentere nokre av dei sentrale omgrepa og analytiske strategiane som har prega faget. Det sentrale temaet i emnet er korleis dei historiske teoriane har prega den faglege debatten om kva kunst og kunsthistorie er, og i kva grad desse teoriane er aktuelle i dag.
Emnet kan vektlegge metodiske og historiografiske, så vel som kunstteoretiske perspektiv, og emnet kan ta opp nokre av dei teoretiske utfordringane kunsthistoriefaget har møtt og møter frå til dømes feministiske, poststrukturalistiske, eller postkoloniale posisjonar.
Kunnskap om kunstteori og estetikk er grunnlag for å vurdere sentrale problem som: Kva er etterlikning? Kva er venleik? Kva er det sublime? Kva er kunst? Kva er historie? Kva er ein smaksdom?

Undervisninga er både tematisk og historisk organisert. I undervisninga vil vi drøfte grunnomgrepa i høve til sentrale teoretikarar og konkrete døme frå kunst og visuell kultur.
Val av tematisk tyngdepunkt kan variere frå semester til semester.

**Læringsutbyte**
**Kunnskap**
Studenten
- kan gjere greie for grunnleggjande omgrep og utviklingstrekk innan kunsthistorisk teori og metode.

**Ferdigheter**
Studenten
- kan reflektere teoretisk over kunst og visuell kultur på eit høgare plan.
- kan skrive meir sjølvstendige analytiske tekster med utgangspunkt i normer og reglar for akademisk skriving

**Generell kompetanse**
Studenten
- forstår, og kan ta del i teoretiske grunnlagsdebattar innan kunsthistorie og visuell kultur
- er godt førebudd til fagleg, akademisk arbeid på masternivå

**Krav til forkunnskapar**
Ingen.

**Anbefalte forkunnskapar**
100-nivået i kunsthistorie.

**Undervisning og omfang**
Førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimar. Dersom det er ressurser til det, vil det bli arrangert eit seminar og/eller kollokvieundervisning.
Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på ~~Mi side~~ Mitt UiB. På emne der dette kan vere aktuelt, vil studentane får informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.

**Obligatoriske arbeidskrav**
Studentane må møte på minst 75 % av undervisninga. Dersom det er ressurser til det, vil det bli arrangert et seminar. Seminaret inngår i så fall i kravet om obligatorisk oppmøte.

**Vurderingsformer**
7-dagars heimeeksamen og ein munnleg eksamen. Munnleg eksamen tel 50% og skriftleg eksamen tel 50% av samla karakter. Oppgåva skal ha eit omfang på 3500-4000 ord.

**Karakterskala**
Karakterskala A - F.

**Undervisningssted**
Bergen.

**Emneevaluering**
Evaluering av tilbodet blir gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.

**Kontaktinformasjon**
Institutt for lingvistiske, litterære og estetisk studium.
E-post: studierettleiar@lle.uib.no

| **UUI-sak 22/16: Endring i emneplaner for NORAN** |
|---|
| |

# Oversendelse av studieplanendring for BAHF-NORAN

## Sammendrag av saken:

| NORAN101 og NORAN104 får redusert undervisningsomfang på grunn av mindre ressurser til undervisning. Emnene tilpasser også obligatorisk aktivitet for å dekke målformskrav, og korter ned til innlevering en litt større oppgave. |
|---|
| Endringer vedtatt i programstyret (vedtaksreferat vedlagt): 09.05.2016 |
| Endringer vedtatt i UUI (vedtaksreferat vedlagt): |
| Studieplanendringene innføres fra: Våren 2017 |

## Eksisterende studieprogram som endres:

| **Studieprogramkode** | **Red. (redaksjonelle endr.) eller Real. (realitetsendr.)?** | **Semester for iverksetting av endringen(e)** | **Merknad** |
|---|---|---|---|
| BAHF-NORAN | Real. | V17 | |

## Referat frå programstyremøte for nordisk

Tid: måndag 09.05.2016 **kl. 14.00**

| ▪ **Sak 21/16** | ▪ **Studieplanendringar** |
|---|---|

- NORAN101 og NORAN104 får redusert undervisningsomfang.

Programstyret ønsker å få vite om omfang i emneplanane må kvantifiserast. Vegard tar kontakt med Huitfeldt for å høyre om retningslinjer her.

Programstyret vedtar endringane i emneplanane NORAN101 og NORAN104.

## Emneplaner for NORAN 101 og NORAN104

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | NORAN101 |

| | |
|---|---|
| Emnenamn, nynorsk | Norsk språk som andrespråk |
| Emnenamn, engelsk | The Norwegian language as a second language |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Fagleg overlapp | NORAN101 og NORAN101-F har full overlapping med kvarandre, slik at ein berre kan få utteljing for eitt av emna. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte. |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet gjev ei grunnleggjande innføring i moderne norsk språk, som omfattar fonologi, morfologi, syntaks og vokabular. Desse språklege nivåa vert studerte i eit andrespråksperspektiv, så jamvel om norsk språk er i hovudfokus, har emnet eit allmennlingvistisk, språklæringsteoretisk og språkdidaktisk tilsnitt. |
| Læringsutbyte/resultat | Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbyte:<br><br>*Kunnskap*:<br><br>Studenten |

| | |
|---|---|
| | • har kunnskap om korleis det norske språket er bygd opp, og hovudtrekk ved norsk fonologi, morfologi, syntaks og vokabular<br>• har kjennskap  til sentrale språklege likskapar og skilnader mellom ulike språk<br>• har kunnskap om kva ved det norske språket som kan vere spesielt vanskeleg å lære for ein som skal lære seg norsk som andrespråk, og kvifor dette er vanskeleg<br>• har innsikt i kva språklege trekk som kjenneteiknar innlærarspråk<br><br>*Dugleik*:<br><br>Studenten<br><br>• kan analysere og tolke innlærarspråk på alle språklege nivå<br>• har lært seg å bruke grammatikk-bøker til å slå opp og finne stoff om språklege fenomen han treng å finne ut meir om<br>• kan reflektere over kva språklege utfordringar personar som lærer seg norsk som sitt andrespråk, står overfor<br><br>*Generell kompetanse*:<br><br>Studenten<br><br>• har ein kunnskapsbase om den norske språkstrukturen –<br>sett i eit komparativt og språkdidaktisk perspektiv – som set han i stand til å kunne undervise i norsk som andrespråk og til å tilføre ny innsikt i eige morsmål til personar som har norsk som førstespråk |
| Krav til forkunnskapar | Ingen |
| Tilrådde forkunnskapar | EXFAC00SK Språk og kommunikasjon eller tilsvarande~~.~~ |
| Undervisning og omfang | ~~Førelesingar: 4 timar i veka i om lag 13 veker~~<br><br>~~Studentkollokvium med sporadisk lærartilsyn: 2 timar i veka~~ |

| | |
|---|---|
| | ~~Samla undervisningsmengd: om lag 52 timar førelesingar og 26 timar kollokvium per student~~<br><br>Om lag 52 timar undervisning anten i form av førelesingar eller seminar.<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verte aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar / 1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | ~~Det er obligatorisk å levere to øvingsoppgåver til fastsette fristar. Den eine oppgåva skal skrivast på nynorsk og den andre på bokmål. Den eine oppgåva skal vere på ca. 1000 ord og den andre på ca. 2000 ord. Den lengste oppgåva skal ein levere to gonger, siste gong i forbetra versjon etter rettleiing frå faglærar. Ein må ha fått godkjent begge oppgåvene for å kunne gå opp til eksamen. Instituttet gjev nærare retningslinjer.~~<br><br>~~Godkjenning av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.~~<br><br>*Det er obligatorisk å levere ei øvingsoppgåve til fastsett frist. Oppgåva skal skrivast på bokmål. Oppgåva skal vere på ca. 1500 ord. Det er vidare obligatorisk å halde eit kort munnleg innlegg ein gong på eit seminar.*<br><br>*Ein må ha fått godkjent oppgåva og det munnlege innlegget for å kunne gå opp til eksamen.* |
| Vurderingsformer | Skriftleg skuleeksamen på seks timar. Kandidaten vel sjølv målform.<br><br>Kandidaten kan nytte sitt eige eksemplar av boka *Norsk grammatikk* av Jon Erik Hagen som hjelpemiddel på skuleeksamenen.<br><br>Ved fastsetjinga av karakter vert det lagt vekt på både fagleg kunnskap, sjølvstendig og kritisk vurdering, evne til |

| | |
|---|---|
| | problemløysing og språkføring. |
| Karakterskala | Bokstavkarakterar frå A til F |
| Læremiddelomtale | Pensum er på ca. 1000 sider av normal vanskegrad og vert fastsett av instituttet. |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br><br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

| | |
|---|---|
| Kategoriar | |
| Emnekode | NORAN104 |
| Emnenamn, nynorsk | Andrespråkslæring og -undervisning |
| Emnenamn, engelsk | Second language acquisition and second language teaching |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |

| | |
|---|---|
| Fagleg overlapp | NORAN104, NORAN104-F og det tidlegare emnet NORAN251-L<br><br>har full overlapping med kvarandre, slik at ein berre kan få utteljing for eitt av emna. |
| Undervisningsspråk | Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte. |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen. |
| Mål og innhald | Emnet har som mål å gje kunnskap om korleis ein lærer eit andrespråk, og om på kva måte læringsprosessen kan påverkast positivt gjennom undervisning. Såleis fell emnet naturleg i to delar, andrespråkslæringsteori og andrespråksdidaktikk, men dei to delane skal sjåast i samanheng.<br><br>Den språklæringsteoretiske delen av emnet omfattar mange ulike aspekt, både lingvistiske, kognitive og sosiale sider ved språklæring. Sentralt står spørsmålet om språklæring skil seg frå anna læring, og om læringsprosessen følgjer generelle og faste mønster eller varierer frå individ til individ.<br><br>Den didaktiske delen av emnet handlar om grunnleggjande rammevilkår for andrespråksundervisning, der elevens tospråklege situasjon er eit viktig utgangspunkt. Det vert teke opp korleis andrespråksundervisninga vert ~~blir~~ implementert for ulike målgrupper, ulike føremål og ulike skuleslag, med vekt på opplæringssituasjonen i Noreg. Hovudfokuset er på ulike typar målsetjingar for språkundervisninga, ulike modellar for undervisningorganisering og grunnleggjande undervisningsmetodiske prinsipp, medan praktisk metodikk fell utanfor.<br><br>I emnet inngår òg grunnleggjande opplæring i analyse av innlærarspråk. Analysen integrerer språklege og læringsteoretiske problemstillingar. |

| | |
|---|---|
| Læringsutbyte/resultat | Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbyte:<br><br>*Kunnskap*:<br><br>Studenten<br><br>• har innsikt i andrespråkslæringsteori<br>• har innsikt i kva som karakteriserer innlærarspråk<br>• har innsikt i språkdidaktiske spørsmål knytte til andrespråksundervisning<br>• har kunnskap om ulike tospråklege undervisningsmodellar<br>• har noko kunnskap om individuell tospråklegheit<br><br>*Dugleik*:<br><br>Studenten<br><br>• kan gjere greie for andrespråkslæringsteoretiske spørsmål<br>• kan analysere innlærarspråk i eit læringsteoretisk perspektiv<br>• kan reflektere over val av innfallsvinkel i andrespråksundervisninga<br>• kan reflektere over andrespråkslæring og andrespråksundervisning i lys av elevens tospråklegheit<br>• kan kritisk analysere og drøfte retningslinjer og styringsdokument som gjeld språkopplæring for minoritetsspråklege elevar<br><br>*Generell kompetanse*:<br><br>Studenten<br><br>• har tileigna seg eit læringsteoretisk og didaktisk kunnskapsgrunnlag for å kunne undervise i norsk som andrespråk og vurdere undervisningstilbod for andrespråkslæring på ein reflektert, sjølvstendig og medviten måte |
| Krav til forkunnskapar | Ingen |
| Tilrådde forkunnskapar | EXFAC00SK Språk og kommunikasjon eller tilsvarande. |

| | |
|---|---|
| Undervisning og omfang | ~~Førelesingar: 4 timar i veka i om lag 13 veker.~~<br><br>~~Studentkollokvium med sporadisk lærartilsyn: 2 timar i veka~~<br><br>~~Samla undervisningsmengd: om lag 52 timar førelesingar og 26 timar kollokvium per student~~<br><br>*Om lag 52 timar undervisning anten i form av førelesingar eller seminar.*<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verte aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar / 1. september. |
| Obligatoriske arbeidskrav | ~~Det er obligatorisk å levere to øvingsoppgåver til fastsette fristar. Den eine oppgåva skal skrivast på nynorsk og den andre på bokmål. Den eine oppgåva skal vere på ca. 1000 ord og den andre på ca. 2000 ord. Den lengste oppgåva skal ein levere to gonger, siste gong i forbetra versjon etter rettleiing frå faglærar. Ein må ha fått godkjent begge oppgåvene for å kunne gå opp til eksamen. Instituttet gjev nærare retningslinjer.~~<br><br>~~Godkjenning av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.~~<br><br>*Det er obligatorisk å levere ei øvingsoppgåve til fastsett frist. Oppgåva skal skrivast på nynorsk. Oppgåva skal vere på ca. 1500 ord. Det er vidare obligatorisk å halde eit kort munnleg innlegg ein gong på eit seminar.*<br><br>*Ein må ha fått godkjent oppgåva og det munnlege innlegget for å kunne gå opp til eksamen.* |
| Vurderingsformer | Skriftleg skuleeksamen på seks timar. Kandidaten vel sjølv målform.<br><br>Ved fastsetjinga av karakter vert det lagt vekt på både fagleg |

| | |
|---|---|
| | kunnskap, sjølvstendig og kritisk vurdering, evne til problemløysing og språkføring. |
| Karakterskala | Bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Teoripensumet er på ca. 1000 sider av normal vanskegrad og vert fastsett av instituttet.<br><br>Studenten skal leggje opp tre innlærartekstar som kan danne grunnlag for obligatorisk aktivitet og/eller eksamen.<br><br>I tillegg til teoripensumet skal studenten gjere seg kjend med to læreverk i norsk som andrespråk, eitt for grunnskulen eller den vidaregåande skulen og eitt for vaksenopplæringa.<br><br>Han skal også ha kjennskap til gjeldande læreplanar og aktuelle retningslinjer knytte til desse. |
| Undervisningsstad | Bergen. |
| Emneevaluering | Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br><br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

## UUI-sak 23/16: Studieplanendring MAHF-LÆNO

# Oversendelse av studieplanendring for MAHF-LÆNO

## Sammendrag av saken:

| |
|---|
| NODI111 og NODI201 får endringer for å tilpasse emnene til NOKUTS krav om læringsutbytte, og som resultat av ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning. |
| Endringer vedtatt i programstyret (vedtaksreferat vedlagt): 09.05.2016 |
| Endringer vedtatt i UUI (vedtaksreferat vedlagt): |
| Studieplanendringene innføres fra: Våren (NODI201) og Høsten 2017 (NODI111) |

## Eksisterende studieprogram som endres:

| Studieprogramkode | Red. (redaksjonelle endr.) eller Real. (realitetsendr.)? | Semester for iverksetting av endringen(e) | Merknad |
|---|---|---|---|
| MAHF-LÆNO | Real. og Red. | V17,H17 | |

**Referat frå programstyremøte for nordisk**

Tid: måndag 09.05.2016 **kl. 14.00**

| | |
|---|---|
| ▪ **Sak 21/16** | ▪ **Studieplanendringar** |

- NODI111 og NODI201 – oppdaterte emneplanar.

Programstyret vedtar endringane i emneplanane.

**NODI111**
**Fagdidaktikk i nordisk for lektorutdanninga**

| Kategori | Tekst |
|---|---|
| **Emnekode**<br>**Course Code** | NODI111 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning |
| **Namn på emnet, bokmål** | Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning |
| **Course Title, English** | |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>**ECTS Credits** | 5 |

| | |
|---|---|
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>**Level of Study** | Master ~~Masternivå på integrert lektorutdanning~~ |
| **Fulltid/deltid**<br><br>**Full-time/Part-time** | Fulltid |
| **Undervisningsspråk**<br><br>**Language of Instruction** | Norsk, men dansk og svensk kan òg verte brukt. |
| **Undervisningssemester**<br><br>**Semester of Instruction** | Haust ~~Haustsemesteret. 7. semester for studentar som tek nordisk som fag II i lektorutdanningsprogrammet.~~ |
| **Undervisningsstad**<br><br>**Place of Instruction** | UiB |
| **Mål og innhald**<br><br>**Objectives and Content** | Emnet har fire tema:<br>• språkutvikling, språkkompetanse og kulturelt mangfald<br>• lesing, litteraturdidaktikk og teksthistorie<br>• skriveopplæring<br>• norskfagleg danning og kunnskapssyn<br><br>Emnet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå 100-nivå, og leggje grunnlag for auka forståing av korleis norskfagleg innsikt og refleksjon kan bidra til å leggje til rette for språk- og litteraturopplæringa til elevane.<br><br>~~Emnet har to hovudområde:~~<br>~~- Språkutvikling og tekstforståing: kompetanse og danning~~<br>~~- Lesing, litteraturdidaktikk og teksthistorie~~<br>~~-~~<br>~~Studiet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå resten av 100-nivået og saman med djupare fagkunnskap, pedagogikk og praksis leggje grunnlag for djupare refleksjon og praktisk dugleik i undervisning i norskfaget i skulen. Emnet skal bidra til at studenten utviklar ein faglæraridentitet der han tek heile sin faglege basiskomptanse i språk og litteratur i bruk som ressurs i undervisninga.~~ |

| | |
|---|---|
| **Læringsutbyte**<br><br>**Learning Outcomes** | ~~Etter å ha studert emnet skal studentane:~~<br>~~• Kunne bruke fagkunnskap, erfaring frå eiga undervisning og teoretiske perspektiv i pensumlitteraturen til å reflektere over norskundervisning og elevane si læring i faget~~<br>~~• Kunne lage undervisningsopplegg der arbeidsformer og arbeidsmateriale heng saman med innsikt i grunnleggjande fagforståing og i innsikt i læringsprosessar i norskfaget~~<br>~~• Vise innsikt i korleis norskfagleg kunnskap kan utviklast på ulike måtar i høve til ulike elevgrupper, på ulike nivå og i ulike skuleslag og studieprogram.~~<br>~~• Vise innsikt i eigen faglærarrolle, korleis fagkunnskapen kan nyttast i kommunikasjon med elevar og gjennom iscenesetjing av læringssituasjonar og tilrettelegging for læring.~~ |

<table>
<tr>
<td>Læringsutbyte<br><br>Learning Outcomes</td>
<td>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:
<table>
<tr><th>Kunnskapar</th><th>Ferdigheiter</th><th>Generell kompetanse</th></tr>
<tr>
<td>Studenten<br>*har innsikt i korleis språkkompetanse, språkkunnskap og språklege læringsprosessar kan fremjast i opplæringa<br><br>*har innsikt i leseprosessar og korleis elevar kan tileigne seg kunnskapar om litteratur og tekst<br><br>*har innsikt i tilhøvet mellom danning, kunnskap og kompetanse i norskfaget<br><br>*har innsikt i korleis elevar med ulik språkleg og kulturell bakgrunn utviklar norskkompetanse<br><br>*har innsikt i korleis elevar kan utvikla seg som skrivarar</td>
<td>Studenten<br>*kan bruke kunnskapen som er omtala ovanfor i eigne analysar av norskdidaktisk materiale<br><br>*kan bruke kunnskapen ovanfor i eigen yrkespraksis<br><br>*kan reflektere over norskopplæringa og elevane si læring i norskfaget<br><br>*kan bruke kunnskapen ovanfor i arbeid med elevtekstar</td>
<td>Studenten<br>*har innsikt i norskfaget si rolle i skulen og samfunnet<br><br>*kan formulere og grunngje eit fagsyn</td>
</tr>
</table>
On completion of the course<br>the student should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:
<table>
<tr><th>Knowledge</th><th>Skills</th><th>General competence</th></tr>
<tr><td>The student</td><td>The student</td><td>The student</td></tr>
</table>
</td>
</tr>
<tr>
<td>Krav til forkunnskapar<br><br>Required Previous Knowledge</td>
<td><s>Ingen.</s><br>• Minst 55 studiepoeng på 100-nivå i nordisk språk og litteratur inkludert 5 studiepoeng i nordisk fagdidaktikk.<br>• Fullført KOPRA101, KOPRA102 og KOPRA103, eller tilsvarande.</td>
</tr>
<tr>
<td>Tilrådde forkunnskapar<br><br>Recommended previous Knowledge</td>
<td><s>PEDA111, minimum 55 studiepoeng i nordiskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur inkludert NODI101.</s></td>
</tr>
<tr>
<td>Studiepoengsreduksjon<br><br>Credit Reduction due to Course Overlap</td>
<td></td>
</tr>
</table>

| | |
|---|---|
| **Krav til Studierett**<br><br>**Access to the Course** | Opptak til lektorutdanning med master i nordisk ved UiB. |
| | |
| **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**<br><br>**Teaching Methods and Extent of Organized Teaching** | ~~Førelesingar på minimum 12 timar.~~<br>~~Seminar på minimum 2 timar.~~<br><br>Forelesingar: Minimum 12 timar fordelt på seks veker (ein dobbeltime i veka)<br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføra redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verta aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september.<br>Undervisningsverkstad kan vera aktuelt. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br><br>**Compulsory Assignments and Attendance** | ~~Ingen.~~<br>For å kunna gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit sjølvstendig arbeid der dei presenterer eit undervisningsopplegg og drøftar det i lys av fagdidaktisk teori. |
| **Vurderingsformer**<br><br>**Forms of Assessment** | Eksamensforma er sju dagars heimeeksamen med oppgjeve emne, ca. sju sider.<br>Retningslinjer for oppgåva vert gjevne i studiet.<br>Instituttet avgjer målforma på eksamen ved loddtrekking. For skriftleg eksamen kungjer instituttet målform seinast ei veke før eksamen.<br>Som ved alle skriftlege eksamenar i nordiskfaget vert rett og god spåkføring vektlagd.<br>Studentar som er utanlands i semesteret har same eksamen som dei andre studentane med mindre det finst kompatible fagdidaktikkeiningar der dei er. |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br><br>**Examination Support Material** | |

| | |
|---|---|
| **Karakterskala** <br><br> **Grading Scale** | ~~Karakterskala A-F.~~ <br><br> Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F der F er stryk. <br> Jf. Universitets- og høgskolerådet: <br> http://www.uhr.no/ressurser/temasider/karaktersystemet_1/tekst_som_beskriver_det_norske_karaktersystemet |
| **Vurderingssemester** <br><br> **Assessment Semester** | Haust |
| **Litteraturliste** <br><br> **Reading List** | ~~Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium gjev framlegg om spesifisert pensumliste i emnet. Pensum for NODI111 utgjer om lag 400 sider av normal vanskegrad.~~ <br><br> Litteraturlista vil vera klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering** <br><br> **Course Evaluation** | Emnet vert evaluert i tråd med instituttet sine retningslinjer og UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg** <br><br> **Programme Committee** | Det humanistiske fakultet, UiB. |
| **Emneansvarleg** <br><br> **Course Coordinator** | Kvart semester vil emnet ha ein fagdidaktikar frå nordisk fagdidaktikk ved Universitetet i Bergen som emneansvarleg. |
| **Administrativt ansvarleg** <br><br> **Course Administrator** | Det humanistiske fakultet, UiB. |
| **Kontaktinformasjon** <br><br> **Contact Information** | ~~Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium~~ <br> ~~E-post: studierettleiar@lle.uib.no~~ <br><br> Studierettleiar kan kontaktast her: <br> Studierettleiar@lle.uib.no <br> Tlf 55 58 24 00 |

**NODI201**
**Fagdidaktikk i nordisk for lektorutdanninga**

| **Kategori** | **Tekst** |
|---|---|
| **Emnekode**<br>**Course Code** | NODI201 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Fagdidaktikk i nordisk for lektorutdanning |
| **Namn på emnet, bokmål** | Fagdidaktikk i nordisk for lektorutdanning |
| **Course Title, English** | |
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>**ECTS Credits** | 5 |
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>**Level of Study** | Bachelor |
| **Fulltid/deltid**<br><br>**Full-time/Part-time** | Fulltid |
| **Undervisningsspråk**<br><br>**Language of Instruction** | Norsk, men dansk og svensk kan òg verte brukt. |
| **Undervisningssemester**<br><br>**Semester of Instruction** | ~~Vårsemesteret. Det sjette semesteret i lektorutdanningsprogrammet for studentar som tek nordisk som fag I.~~<br>Vår. |
| **Undervisningsstad**<br><br>**Place of Instruction** | UiB |

| | |
|---|---|
| **Mål og innhald**<br><br>**Objectives and Content** | ~~Emnet har to hovudområde:~~<br>~~• Språkutvikling og tekstforståing: kompetanse og danning~~<br>~~• Lesing, litteraturdidaktikk og teksthistorie~~<br><br>~~Studiet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå 100-nivå og saman med djupare fagkunnskap leggje grunnlag for djupare refleksjon og praktisk dugleik i undervisning i norskfaget i skulen. Emnet skal bidra til at studenten utviklar ein faglæraridentitet der han tek heile sin faglege basiskomptanse i språk og litteratur i bruk som ressurs i undervisninga.~~<br><br>Emnet har tre hovudtema:<br>• lesing, litteraturdidaktikk og teksthistorie<br>• språkutvikling og språkkompetanse<br>• norskfagleg danning og kunnskapssyn<br><br>Emnet skal vidareutvikle den fagdidaktiske kunnskapen studenten har frå 100-nivå, og leggje grunnlag for auka forståing av korleis norskfagleg innsikt og refleksjon kan bidra til å leggje til rette for språk- og litteraturopplæringa til elevane. |
| **Læringsutbyte**<br><br>**Learning Outcomes** | ~~Etter å ha studert emnet skal studentane:~~<br><br>~~• Vise innsikt i tekstforståing, leseprosessar og språkutvikling~~<br>~~• Kunne bruke fagkunnskap, erfaring frå eiga undervisning og teoretiske perspektiv i pensumlitteraturen til å reflektere over norskundervisning og elevane si læring i faget~~<br>~~• Kunne lage undervisningsopplegg der arbeidsformer og arbeidsmateriale heng saman med innsikt i grunnleggjande fagforståing og i innsikt i læringsprosessar i norskfaget~~<br>~~• Vise innsikt i korleis norskfagleg kunnskap kan utviklast på ulike måtar i høve til ulike elevgrupper, på ulike nivå og i ulike skuleslag og studieprogram.~~ |

<table>
<tr>
<td>Læringsutbyte<br><br>Learning Outcomes</td>
<td>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:
<table>
<tr><th>Kunnskapar</th><th>Ferdigheiter</th><th>Generell kompetanse</th></tr>
<tr>
<td>Studenten<br>*har innsikt i leseprosessar og korleis elevar kan tileigne seg kunnskapar om litteratur og tekst<br><br>*har innsikt i korleis språkkompetanse, språkkunnskap og språklege læringsprosessar kan fremjast i opplæringa<br><br>*har innsikt i tilhøvet mellom danning, kunnskap og kompetanse i norskfaget</td>
<td>Studenten<br>*kan bruke kunnskapen som er omtala ovanfor i eigne analysar av norskdidaktisk materiale<br><br>*kan bruke kunnskapen ovanfor i eigen yrkespraksis<br><br>*kan reflektere over norskopplæringa og elevane si læring i norskfaget</td>
<td>Studenten<br>*har innsikt i norskfaget si rolle i skulen og samfunnet<br><br>*kan formulere og grunngje eit fagsyn</td>
</tr>
</table>
On completion of the course<br>the student should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:
<table>
<tr><th>Knowledge</th><th>Skills</th><th>General competence</th></tr>
<tr><td>The student ..</td><td>The student ..</td><td>The student ..</td></tr>
</table>
</td>
</tr>
<tr>
<td>Krav til forkunnskapar<br><br>Required Previous Knowledge</td>
<td>~~Minimum 60 studiepoeng i norskfaglege emne på 100-nivå i språk og litteratur inkludert 5 studiepoeng nordisk fagdidaktikk.~~<br><br>• Minst 55 studiepoeng på 100-nivå i nordisk språk og litteratur inkludert 5 studiepoeng i nordisk fagdidaktikk.<br>• Fullført KOPRA101, KOPRA102 og KOPRA103, eller tilsvarande.</td>
</tr>
<tr>
<td>Tilrådde forkunnskapar<br><br>Recommended previous Knowledge</td>
<td></td>
</tr>
<tr>
<td>Studiepoengsreduksjon<br><br>Credit Reduction due to Course Overlap</td>
<td></td>
</tr>
</table>

| | |
|---|---|
| **Krav til Studierett**<br><br>**Access to the Course** | ~~Opptak til integrert lektorutdanning ved HF-fakultetet~~<br><br>Opptak til lektorutdanning med master i nordisk ved UiB. |
| | |
| **Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning**<br><br>**Teaching Methods and Extent of Organized Teaching** | Forelesingar: Minimum 12 timar fordelt på seks veker (ein dobbeltime i veka)<br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføra redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mi side. På emne der dette kan verta aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br><br>**Compulsory Assignments and Attendance** | For å kunne gå opp til eksamen må studentane ha lagt fram eit fagleg innlegg. Spesifikasjonane vert fastsette i undervisningsplanen for kurset. Studentar som er utanlands i semesteret får eit alternativt opplegg for obligatorisk aktivitet etter avtale med faglærar.<br>Det er venta at studentane er til stades på det meste av undervisninga, og organiseringa av undervisninga har dette som utgangspunkt. |
| **Vurderingsformer**<br><br>**Forms of Assessment** | Eksamensforma er sju dagars heimeeksamen med oppgjeve emne, ca. sju sider. Retningslinjer for oppgåva vert gjevne i studiet.<br>Instituttet avgjer målforma på eksamen ved loddtrekking. For skriftleg eksamen kunngjer instituttet målform seinast ei veke før eksamen.<br>Som ved alle skriftlege eksamenar i nordiskfaget vert rett og god språkføring vektlagd.<br>Studentar som er utanlands i semesteret har same eksamen som dei andre studentane med mindre det finst kompatible fagdidaktikkeiningar der dei er. |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br><br>**Examination Support Material** | |

| | |
|---|---|
| **Karakterskala**<br><br>**Grading Scale** | Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F der F er stryk.<br><br>Jf. Universitets- og høgskolerådet:<br>http://www.uhr.no/ressurser/temasider/karaktersystemet_1/tekst_som_beskriver_det_norske_karaktersystemet |
| **Vurderingssemester**<br><br>**Assessment Semester** | Vår. |
| **Litteraturliste**<br><br>**Reading List** | ~~Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium gjev framlegg om spesifisert pensumliste i emnet. Pensum for NODI 201 utgjer om lag 400 sider av normal vanskegrad.~~<br><br>Litteraturlista vil vera klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering**<br><br>**Course Evaluation** | Emnet vert evaluert i tråd med instituttet sine retningslinjer og UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg**<br><br>**Programme Committee** | Det humanistiske fakultet, UiB. |
| **Emneansvarleg**<br><br>**Course Coordinator** | Kvart semester vil emnet ha ein fagdidaktikar frå nordisk fagdidaktikk ved Universitetet i Bergen som emneansvarleg. |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>**Course Administrator** | Det humanistiske fakultet, UiB. |
| **Kontaktinformasjon**<br><br>**Contact Information** | ~~Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium~~<br>~~E-post: studierettleiar@lle.uib.no~~<br><br>Studierettleiar kan kontaktast her:<br>Studierettleiar@lle.uib.no<br>Tlf 55 58 24 00 |

## UUI-sak 24/16: Møtedatoer for høsten 2016

Forslag til møtedatoer for høsten 2016:

29.august
24.oktober
28.november

DISKUSJONSSAKER:

## UUI-sak 25/16: Oppdatering og status for HF2018

## UUI-sak 26/16: Eventuelt

1.5.2016

Hilde G. Corneliussen
*undervisningsleder*

Lise Kristiansen
*fungerende studieleder*